



OS KOMMUNE
Postboks 84
5202 OS

Dato: 22.06.2017
Vår ref.: 2017/6269-2
Saksbehandlar: kjeomar
Dykkar ref.:

Tilskotsordning - Bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling

Vi viser til brev av 5. april frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om utlysing av tilskot til bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling. Søknadsfristen var i utgangspunktet sett til 2. juni 2017, men vart utsett til 15. juni. Vi viser vidare til møtet mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og regionsenterkommunane Askøy, Fjell, Lindås og Os 12.mai 2017, kor det vart avklart at Hordaland fylkeskommune skulle sende ein felles søknad på vegne av fylkeskommunen og regionsenterkommunane i Bergensområdet. Det vart i møtet også avklart at Bergen kommune ville sende ein individuell søknad som omhandlar verkemiddelbruk i fortettingsområde. Her vil casestudiar frå omlandskommunane kunne verte aktuelt.

Arbeid knytt til politisk handsaming av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet gjorde at vi ikkje fikk sett av nok tid og ressursar til å samrå ytterligare med kommunane om søknaden. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet vart vedteken i Fylkestinget 14. juni med forslag til små justeringar.

Etter avtale med departementet fikk vi ein kort utvida frist til 16. juni til å fullføre søknaden. Søknaden bygger på innspel frå regionsenterkommunane gitt i møtet 12. mai 2017, og er tilpassa handlingsprogrammet for oppfølginga av Regional areal- og transportplan. Vedlagt i brevet følger søknaden som vart sendt fredag 16. juni 2017. Som det går fram av vedlegget er det berre eigeninnsats som er forventa frå kommunane i arbeidet med prosjekta.

I søknaden valde fylkeskommunen å prioritera innspela om felles parkeringsløysingar og kompetanseheving i sykkelplanlegging. I møtet med kommunane vart det i tillegg ytra ønsker om å søke midlar til prosjekter knytt til hurtigbåtar og regionalt bustadbyggeprogram. Dette er prosjekt som vil krevja meir forarbeid enn det vi hadde tid og ressursar til i denne omgang. No som Regional areal- og transportplan er vedteke, vil det vere aktuelt å forberede søknad om nye tilskotsmidlar for perioden 2018/2019 saman med kommunane. Vi vil kome tilbake med ytterlegare detaljar om bruk av ressursar og samfinansiering i perioden framover.

Etter at Kommunal- moderniseringsdepartementet har handsama søknaden, vil vi invitere til eit felles møte for å avklare kommunane og fylkeskommunens sin vidare innsats og bidrag inn i prosjekta.

Vi vonar at denne framgangsmåta er teneleg for kommunane. Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål eller kommentarar på: kjetil.bo.omarstrand@hfk.no.

Marit Rødseth
plansjef

Kjetil Bø Omarstrand
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot til bustad-, areal- og transportplanlegging for ein berekraftig og attraktiv byutvikling i bergensområdet